



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Komitè for miljø og tekniske saker	09.03.2017	011/17
Giske kommunestyre	06.04.2017	012/17

Detaljplan Giskeremen - 2. gongs eigengodkjenning

Innstilling:

Giske kommunestyre eigengodkjenner i medhald av pbl § 12-12 detaljplan Giskeremen, datert 21.11.2016, med planomtale datert 21.11.2016 og føresegner datert 21.11.2016. Det blir synt til plandokument, saksutgreiing til møte KMT 29.11.2016 og saksutgreiing ovanfor for grunngeving.

06.04.2017 Giske kommunestyre

Renate Giske Holvik (KrF):

"Giske kommunestyre eigengodkjenner i medhald av § 12-12 detaljplan Giskeremen, datert 21.11.2016, med planomtale datert 21.11.2016 og føresegner datert 21.11.2016.

Grunnlaget for godkjenninga er at rekkefølgekrava om utbetring av eksterne tilførselsvegar skal gjelde som er spesifisert i føresegnene henviser til § 3.1 i rekkefølgeføresegnene pkt 1.

§ 3.1 Rekkefølgeføresegner

Tilkomst til planområdet

Før det kan bli gjeve byggjeløyve for bueiningar innanfor planområdet, skal det vere opparbeidd ny ekstern tillkomst til planområdet. (Ny Skuleveg og Kabbertavegen)."

Ved alternativ votering vart tilrådinga frå komite for tekniske saker godkjend med 15 mot 8 røyster. (V, 2 Ap, Sp, 1 KrF). Mindretalet røysta for Renate Giske Holvik sitt forslag.

K- 012/17 Vedtak:

Giske kommunestyre eigengodkjenner i medhald av pbl § 12-12 detaljplan Giskeremen, datert 21.11.2016, med planomtale datert 21.11.2016 og føresegner datert 21.11.2016. Det blir synt til plandokument, saksutgreiing til møte KMT 29.11.2016 og saksutgreiing ovanfor for grunngjeving. Det vert innarbeidd i føresegnene at rekkefølgekravet om utbetring av eksterne tilførselsvegar skal gjelde, men med unntak av bueining 1-6 omtalt i kap. 6.3 i planomtalen, forutsett at desse vert bygd som bustader med livsløpsstandard, og maksimalt antal bueiningar som unntaket skal gjelde for er seks bueiningar. Unntaket vert grunngjeve med at bustader med livsløpsstandard som dette ikkje vil generere nemneverdig auke i biltrafikken på tilførselsvegane, og at unntaket vil gjere det mogleg for utbyggjar å kome vidare i prosjektet."Unntaket om rekkefølgekrav om eksterne tilførselsvegar skal også gjelde BBK.

09.03.2017 Komitè for miljø og tekniske saker

Tilleggsforslag frå Kenneth Langvatn (H): "*Det vert innarbeidd i føresegnene at rekkefølgekravet om utbetring av eksterne tilførselsvegar skal gjelde, men med unntak av bueining 1-6 omtalt i kap. 6.3 i planomtalen, forutsett at desse vert bygd som bustader med livsløpsstandard, og maksimalt antal bueiningar som unntaket skal gjelde for er seks bueiningar. Unntaket vert grunngjeve med at bustader med livsløpsstandard som dette ikkje vil generere nemneverdig auke i biltrafikken på tilførselsvegane, og at unntaket vil gjere det mogleg for utbyggjar å kome vidare i prosjektet.*" Tilleggsforslag frå Janita Blomvik (Ap): "*Unntaket om rekkefølgekrav om eksterne tilførselsvegar skal også gjelde BBK.*"

Votering:

Innstillinga	vert	samrøystes	tilrådd.
Kenneth Langvatn	sitt forslag	vert samrøystes	tilrådd.
Tilleggsforslag frå Janita Blomvik	vert tilrådd	med 4 mot 3 røyster (TLG, H, V).	

Saksordførar: Marit G. Alnes.

KMT- 011/17 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre eigengodkjenner i medhald av pbl § 12-12 detaljplan Giskeremen, datert 21.11.2016, med planomtale datert 21.11.2016 og føresegner datert 21.11.2016. Det blir synt til plandokument, saksutgreiing til møte KMT 29.11.2016 og saksutgreiing ovanfor for grunngjeving.

Det vert innarbeidd i føresegnene at rekkefølgekravet om utbetring av eksterne tilførselsvegar skal gjelde, men med unntak av bueining 1-6 omtalt i kap. 6.3 i planomtalen, forutsett at desse vert bygd som bustader med livsløpsstandard, og maksimalt antal bueiningar som unntaket skal gjelde for er seks bueiningar. Unntaket vert grunngjeve med at bustader med livsløpsstandard som dette ikkje vil generere nemneverdig auke i biltrafikken på tilførselsvegane, og at unntaket vil gjere det mogleg for utbyggjar å kome vidare i prosjektet."

Unntaket om rekkefølgekrav om eksterne tilførselsvegar skal også gjelde BBK.

Vedlegg:

Detaljplan Giskeremen - eigengodkjenning

FRÅSEGN - STATENS VEGVESEN - DETALJPLAN GISKEREMEN - GISKE

FRÅSEGN - JAN KÅRE HATLØ - DETALJREGULERING 2. GANGS ETTERSYN GISKEREMEN

DETALJPLAN GISKEREMEN - 2. GONGS OFFENTLEG ETTERSYN MERKNADSRIST

FRÅSEGN - JØRN OG MARIA AAEN - DETALJPLAN GISKEREMEN

GNR 127 BNR 3 - MØTE ANGÅANDE UTBYGGING AV TEKNISKE ANLEGG

ARKEOLOGISK FAGRAPPORT - MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE - DEL AV 127/0034 -

DETALJPLAN GISKEREMEN - GISKE

GNR 130 BNR 1 - FORSLAG TIL AVTALE OM PLASERING AV PUMPESTASJON

Detaljplan Giskeremen - framlegg til justering av plankart_2017.02.27

FRÅSEGN - MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE - DEL AV GNR 127 BNR 34 - DETALJPLAN GISKEREMEN

0734_001

FRÅSEGN - KIRSTEN OG PER-ARNE FURNES - TIL DETALJPLAN GISKEREMEN

VS Se Vedlegg DETALJPLAN GISKEREMEN

FRÅSEGN FRÅ FOLKEHELSEKOORDINATOR - GISKEREMEN 2.GONGS OFFENTLEG ETTERSYN

SV Se Vedlegg DETALJPLAN GISKEREMEN

GISKEREMANE

FRÅSEGN - FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL - DEL AV GNR 127 BNR 34 - DETALJPLAN

GISKEREMEN - GISKE -

SV Se Vedlegg DETALJPLAN GISKEREMEN

Merknad BUR i Giske til 2. gongs offentleg ettersyn - Giskeremen

SV Se Vedlegg DETALJPLAN GISKEREMEN

SV Se Vedlegg DETALJPLAN GISKEREMEN

Merknad - Martin Brandshaug - Detaljplan Giskeremen

Detaljplan Giskeremen - framlegg til justering av plankart_2017.02.27

VS Se Vedlegg DETALJPLAN GISKEREMEN

Framlegg planomtale Giskeremen_2016.11.21

Detaljplan Giskeremen_føresegner_2016.11.21

0734_001

Detaljplan Giskremen - justert referat møte 02.02.2017

Detaljplan Giskremen_2017.03.01

Saksutgreiing:

Detaljplan Giskeremen vart sendt til politisk handsaming med innstilling eigengodkjenning i møte 29.11.2016, sak [KMT-080/16](#) og møte 15.12.2016, sak [K-087/16](#).

Vedlagt saksutgreiing av politisk handsaming til eigengodkjenning i 2016 med vedlegg. I denne saksutgreiinga blir tilhøva etter siste handsaming vurdert og omtalt.

Det vart halde møte med kommunestyrerepresentantar frå øya Giske 02.02.2017 om detaljplan Giskeremen.

Etter tilbakemelding på utsendt referat vart det revidert 14.02.2017 og sendt ut. Revidert referat er lagt ved.

Heimelsgrunnlaget

Plan- og bygningslova kap. 12.

Økonomiske konsekvensar:

Utbygging av teknisk infrastruktur, kommunen sin del av det.

Vurdering:

I møte KMT 19.01.2017 vart detaljplan Giskeremen diskutert etter ønske frå administrasjonen. Signala frå møtet vart oppfatta slik at detaljplan Giskeremen blir sendt uendra til ny politisk handsaming med innstilling eigengodkjenning frå rådmannen.

Før utarbeiding av ny sak til politisk handsaming vart det invitert til møte med to kommunestyrerepresentantar frå øya Giske for å avklare eventuelle behov for å justere plandokumenta. Det klart tydelegaste signalet frå møtet var at det ikkje må opnast for utbygging av nye bustadar innanfor planområdet før Skulevegen og Kabbertavegen er opparbeidd. Det er og ynskjeleg å legge til rette for framtidig fortau/gang og sykkelveg og busstopp langs Kabbertavegen. Rådmannen rår til at dette vert sikra i kommuneplanen i samband med offentleg ettersyn av denne. Og at det vert krav ved regulering av områda aust om vegen at gang og sykkelveg/fortau og busslommer må leggjast inn. Med dette sikrar ein og deltaking i finansiering.

Plandokumenta

Plandokumenta har ikkje vorte endra sidan handsaming i kommunestyremøte 15.12.2016. Endringar av plandokumenta etter offentleg ettersyn er lista opp i vedlagt saksframlegg til førre eigengodkjenning. Alle vedlegg, i tillegg til referat møte 02.02.2017, blir lagt ved saka for ny handsaming.

Rekkjefølgjekrav

Rådmannen vil framleis innstille på at det må vere rekkjefølgjekrav for utbygging av eksterne vegar før det kan gjevast byggjeløyve til nye bustadar innanfor planområdet. Sidan førre handsaming av planen er det no løyvd midlar til grunnkjøp og lagt inn i budsjett midlar til opparbeiding av Skulevegen og Kabbertavegen. Det er også starta prosjektering av vegane. Det er no sikrare tidshorisont for kor lenge rekkjefølgjekravet vil gjelde.

Med vurderingar ovanfor, i saksutgreiing til møte KMT 29.11.2016 og i planomtalen, kan plandokumenta bli sendt til politisk handsaming for eigengodkjenning.